

Pinsetur til Nordfjord i 2009

Reiseskildring av **Ragnhild Slyngstad**

Fredag 29. mai

Vi var 17 som tok flyet fredagen til Florø, byen ved havet, ein gong den einaste i fylket vårt. Dei timane vi venta der, nytta vi stort sett til å hygge oss med mat: fiskesuppe o.a. på "Hjørnevikbua", og so rett over til bananasplit og kaffi på "Tomasine". Snøgg båten til Selje var ei oppleving, vi fekk m.a. sjå verdas høgaste sjøklippe, Hornelen, 830 meter rett opp, på kloss hald.



På kaia i Selje trefte vi på alle dei som hadde køyrt frå Oslo og var komne fram berre eit par minutt før oss. Rorbuene vi installerte oss i, var kjempebra: Seljevågen Apartment og Hanne-Bua. Tvers over vågen låg Saga båtbyggjeri. Frå verandaen kunne eit par av oss straks sjå ein brennmanet som seila forbi. HEILT FEIL, sa guiden seinare, dei skal ikkje vere i sjøen på denne tida. Det veit vi, men...



Fyrste kvelden tok vi som budde nedst i komplekset, ein tur over sanden til Seljedyrkja og dei sjarmerande nausta som omkransar henne (26 + 3 i alt). Vi som budde nede gjekk so til køys, men det var liv i toppetasjen.




Laurdag 30. mai

Inger Marie Aarsheim møtte oss på bussen neste morgon, ein entusiastisk og kunnskapsrik guide for turen til Stadtlandet. - Sjå her, sa ho stadig: -Nordfjord med sunnmørske snøfjell i bakgrunnen. Vakkre plass finst ikkje i landet! Vi hadde folk med som syntest ho kunne ha sløfta det siste. Men Inger Marie har budd halve livet over på sunnmørssida. So då so...

Vi starta turen med å køyre over til Sandvik, ein veg med krappe svingar, han er 150 år gamal. Vi kom over eit freistande vatn der oppe i sola. Men det var ikkje lov for menn å bade der, og vi kvinnene gav avkall på det, for tida var knapp.

Sitkagrana fylgde oss begge dagane på turen, den er planta i mengder, og er eigentleg eit framandelement i kystkulturen. Nokre greiner dør på grunn av saltfokk som sjøen blæs inn.

Mot Kjerringa og Vestkapp hadde vi bart landskap med god oversikt over vegen. Det var naudsynt, her var det ikkje mogleg å møte ein bil. Utanlandske sjåførar har fått hetta. Ein dansk buss stansa heilt opp ein gong, og dei måtte sende bod på ein lokal sjåfør, fortalte Inger Marie.



Ned mot Ervik renn einaste lakseelva i kommunen. Nede ved havet her møtest surfarar frå heile verda, til og med frå Australia. Nokre slike hardhausar såg vi, dei hadde 'landligge' i ly for vinden. Sjøelve var vi inne i St. Sunnivakyrkja til minne om ulukka 30. september 1943, då dei allierte bomba den hurtigruta. 44 omkom der, andre vart berga på ei tauline som var strekt ut til

Kobbeskjeret. Guiden hadde sjølv snakka med folk som var med på berginga. Den mest dramatiske hendinga var det tre månader gamle barnet som kom over på ryggen til faren og overnatta på skjeret i ein ryggsekk og blei berga.

Vi fekk på turen også sjå kvar den nye skipstunnelen er meint å gå inn i fjellet. Den blir 1,7 kilometer lang med 38 meter høgd over vassflata og eit djup på 13 meter. Skal hurtigruta gå gjennom den, vert det ekstra vanskeleg. Farten kan berre vere 5 knopp på grunn av bylgjene båten lagar. Og kva med rømningsvegar? Eystein fortalde oss inngåande om alt dette, fyrstehands kjennskap som han har til forholda.

I Leikanger fekk vi lunsj med ein herleg Fisketallerken på Furubuda. Dinest køyrde vi opp på Dragseidet. Som namnet seier drog dei her båtane over land frå fjord til fjord. No tusen år etter planlegg vi denne sjøtunnelen, også for å unngå det farlege Stadhavet.

På Dragseidet skal Olav Trygvason i 997 ha samla fire fylke til kristning. Spelet om dette møtet, "Sverdeggja", er skrive av Rolf Losnegård. To profesjonelle skodespelarar var med, men dei lokale amatørane greidde seg mest like godt. Spelet gjekk i friluft, og dei hadde eit fugleberg av tilskodarar som koste seg i sola. Oppå fjellet står ein bauta der to kongenamn er skrivne inn: Olav Trygvason 997 og Harald V 1997. Der står også ein stor kristningskross i stein med innskrift på.



Vi var tilbake i Selje etter planen. Etter middagen på Selje hotell delte vi oss i tre: nokre gjekk stien opp Risnakken, nokre var med i dansesalen, og tre av oss drog attende til kyrkja. Klokka nærna seg 23 på natta, til vår forundring var det ljøs i koret medan kyrkja elles var mørklagt. Vi kom inn i gangen og torde ikkje forstyrre, men kika gjennom nykelholet. Presten i full mundur og nokre få folk i koret, mykje salmesong. Bryllup, gravferd? Mot midnatt? Mystisk var det. Vi spurde presten *vår*, som heller ikkje kunne gi oss ei forklaring.

Frå verandaen vår seint på kveld sende Randi ei melding til Rune, som var med i turkomiteen, men ikkje med oss til Selje. "No kan du angre; stavande stilt, klart og nesten nymåne". "Eg har det fint på Mjøsa, vi har fullmåne", svara Rune.

Sundag 31. mai

Pinsedag. Om mogleg endå vakrare vêt. Og no har flagga gått til topps i alle hagar. Vi køyrde ytre leia og rundt Nordpollen mot Måløy i roleg tempo, og det er stilt i bussen. Brua er frå 1974, vi skulle over den. Her står det malt "Velkommen til Måløy" med kortklippte buskar i ein grasbakke. Vi er i ein delvis bokmålskommune, men heldigvis snakkar guiden vår dialekt. Det er Turid Breidalen, og frå no av er det ikkje mange stille stunder.



Turid viste oss Lingeparken der Ulvesundshotellet låg under krigen. Under Måløyraidet var hotellet fullt av tyskarar. Martin Linge sprang inn og vart skoten. Måløy, oppkalla etter den litle øya som no ligg under brua (over), har 5000 innbyggjarar, 6 klubbar, 6 bankar og 9 frisørsalongar. Lukta frå sildoljefabrikkane er no borte. Gatene er nummererte, som i New York. Vi køyrer gate 1 inn og gate 2 ut når vi er tilbake. Guiden bur i gate 3. Måløy er elles ikkje som før. Ho fortalde at mange verksemdar er flytta ut, t.d. til Baltikum. Fiskeriet vert sendt til Kina for sløyting og kjem so tilbake. DOMSTEIN heiter "skrytefabrikken". Men bedrifter vert nedlagde, i to av bygningane har KIWI og COOP installert seg. "vi lever av å handle med kvarandre her», sa Turid. Det vert turka finnar og spor som blir eksportert til Japan. Der lagar dei Shark Finn Soup for menn. «Dei har bruk for det der" seier ho diplomatisk.

Det bur 1000 i Raudeberg, og 6000 i alt i heile kommunen. Folk har levd mykje av silda, og det har vore mange drukningsulukker på dei kantar. Etter ei av dei sat 40% av kvinnene att som enkjer i ei bygd.

So kom vi til Refviksanden, landets lengste. Den er kvit, visstnok av knuste, kvite skjel. Strendene i Syden er ikkje vakrere enn dette, men mindre værharde sjølsagt. At stormen feia inn kan dei fastbuande ta, men rekylvinden er verst. Midt gjennom bygda kjem den tilbake etter å ha blitt kasta i fjellveggen bak. So her har husa solide betongveggar som tjukke vernemurar mot aust. Alle i bussen måtte her ut og prøve sanden. Dei fleste tok av seg skoa og vassa litt utover.



No drog vi til Kråkenes fyr. Herfrå såg vi Stadtlandet på nytt og fem vindmøller. I fyret kan du leige ein brudesuite for 1900 kroner. Bruda må du ta med sjølv.



På fjellet skar dei torv før, det førte med seg både lopper og lus innadørs. Det er vakkert. Vegen er ikkje breiare enn bussen, men den "har vorte utvida", fortalde Turid. Det ligg nokre vakre, gamle kvernhus her, det er lokale folk som har restaurert dei. På vegen vidare fortalde ho om eit skipsforlis i 1933. Det var mange døde på stranda, men etter kort tid flaut det også opp kannar med 16 000 liter brennevin. Då sprang ein mann over fjellet for å varsle dei om at lensmannen var på veg. Gods frå skipsvrak er Staten sitt. I all hast fordelte dei no brennevin på gardane og la att ein liten haug til lensmannen. "Dei hadde brennevin til 1964. Eg lyg ikkje no, gjer eg vel, Bjarte*?" (*bussjåføren). So fortalde ho om dei 4000 uglene sine, som ho samlar på, og las nokre dikt ho har skrive også. Ho sende òg rundt ein utstoppa stormfugl og tala varmt om han. Denne fuglen lever heile livet på havet og har eit eige system som gjer at sjøvatten vert destillert ved nebbet, slik at han kan drikke det. Fuglen kjem berre inn til land for å hekke.

Vi 'mellomlanda' på Måløy kafé, der vi fekk herlege hjortekaker og trefte att Selma frå tidlegare tider i Ringen.

Siste stopp var ved Kannesteinen, som står i sjøkanten i Nord-Opedal på vestsida av Vågsøy. Elles var det mykje Turid fortalde, anekdotane fylgde på kvarandre tett. Vi hadde litt problem med å skilje sant og usant i dei mange historiene hennar. Men moro var det!



Heimover køyrde vi om Totland og Maurstad, og fekk ein liten sving innom Sunnmøre og Åheim, og såg olivindagbruddet i Almklovdaalen. So kunne Eystein peike ut for oss plassen der sjøtunnelen skal kome ut i Vanylvsfjorden. I Selje fekk eg og andre tid til å klatre opp til Risnakken før

middagen på hotellet. På hotellet er det varierte avbildingar av St Sunniva, ho skulle prege den siste dagen vår.

Måndag 1. juni

skulle vi ut til øya Selja og ruinane etter klosteret der. "Klosterbåten" vart ført av Jan Hammersvik, som var guiden vår den dagen. På vegen utover fortalte han om Selje prestegard, der Claus Frimann er fødd. Han arva 1500 talar etter faren og dei framførde han i Davik, der han vart prest. Vi fekk høyre om Marthe som overlevde 4 prestar og ikkje vart ekta av den femte som kom frå København. Då hemna ho seg ved å brenne arkivet for kyrkja, slik at mest alt om den eldre tida har gått tapt.

I katolsk tid låg soknekyrkja på Bø ute på øya. No er det berre 7 fastbuande her, men dei har eigen biskop. Han bur i Sarajevo, og har vore på vitjing - utan å finne katolikkar. Eller var det biskopen i Brasil? Selja er 1,5 km² stor. Det var 4 kyrkjer her før. Frå sjøen hadde vi allereie sett tårnet i det gamle klosteret, fjordabåten vår gjorde ein sving rundt der for vår skuld fredagen då me kom. Frå kaia ligg det ein fin steinlagt hellesti opp til klosteret.



Vi kom inn frå kyrkjegarden og til dei restaurerte ruinane, sette oss på stein og trebenkar. So kom Munken inn. Det var Jan. No fekk vi sjølsagt legenda om den irske prinsessa Sunniva som stranda her. Det kan ein lese om andre stader. Som vi hugsar, so landa ein av fylgjet hennar på Kinn, der vi var i fjor. Bispnen i eit av Olav Kyrres tre bispedøme budde på Selja i 102 år. På 1100-talet kom benediktinarmunkane frå England. Dei hadde mellom anna oppdrettsanlegg ved fjordkanten. Ikkje laks, nei, men karpe.

Målet for pilgrimsreisene her var helgenanlegget litt oppe i fjellsida, der kyrkja låg inn under hammaren. Dit opp gjekk også vi. Vi var dessutan innom livskjelda, la oss på kne og drakk av den med høgre handa. Det var Jan som instruerte oss om det, då ville vi halde oss unge. Siølv var han 78, fortalde han, vi meiner at han laug på seg minst ti år, kanskje femten. Ingeborg var forresten oppe i tårnet og ringde tre gongar tre slag. Vakker klang i klokka.

Tilbake i Selje var vi ein tur oppom gamle doktorgarden, der Torkjell Djupedal og kona stiller ut bilete av lokale kunstnarar, og sel bøker knytte til distriktet og historia der (frå Selja Forlag). Dei tilbyr også overnatting og driv kafé, så vi fekk kaffi og nydelege heimebaka kaker før vi for.

Vi er takksame for desse flotte dagane og alt arbeidet turkomiteen: Randi Solheim, Jon Nes, Johanna Ryggvik og Rune Tystad, har gjort. Og vêret var med oss heile vegen, med klar sol og lite vind til Stad å vere. Randi sørge for at hjelparane i fylket fekk jubileumsboka vår.